



Nordahl Grieg videregående skole
Steinsvikvegen 430
5239 RÅDAL

Dato: 07.12.2016
Vår ref.: 2016/4238-7
Saksbehandlar: torsan12
Dykkar ref.:

Søknad om oppstart av Helse- og oppvekstfag som studieførebuande tilbod ved Nordahl Grieg vgs frå skuleåret 2017/18

Fylkesdirektør opplæring viser til søknad per e-post, datert 18. april og 9. november 2016, gjeldande oppstart av Helse- og oppvekstfag som studieførebuande tilbod ved Nordahl Grieg videregående skole.

Bakgrunn

I søknaden argumenterer skulen for å opprette tilbodet for å rekruttere elevar som elles ville valt eit studieførebuande løp framfor eit yrkesfagleg løp. Erfaringar viser også at mange elevar har Vg3 påbygging til generell studiekompetanse som eit planlagt løp. Eit alternativt løp mot studiekompetanse vil kunne gi elevane større meistring og bidra til høgare grad av gjennomføring.

Vidare argumenterer skulen for at eit slikt løp vil utvide det studiespesialiserande tilbodet og fagleg sett gi gode synergieffektar.

I siste søknad har skulen justert planlagt fag- og timefordeling, og dette er no i tråd med dei nasjonale retningslinjene.

Søknaden seier ikkje noko om korleis skulen skal informere elevar og foreldre/føresette om ordninga. Skulen må syte for god informasjon til nemnte grupper om tilbodet, og mogelege konsekvensar av eit skulebyte undervegs i opplæringsløpet, jf. Utdaningsdirektoratet sin rettleiar om fleksibilitet i fag- og timefordelinga.

Fylkesdirektør opplæring godkjenner at skulen kan opprette eit 3-årig løp med Helse- og oppvekstfag som studieførebuande område, med atterhald om politisk godkjenning. **Det er eit krav at fylkeskommunen skal fastsette den lokale fag- og timefordelinga i form av lokal forskrift, som skal vedtakast av fylkestinget. Fylkeskommunen må fastsette ein ny lokal forskrift kvart skuleår.**

Vegen vidare

Den lokale forskrifta skal vere utarbeidd i samsvar med krav i forvaltningslova, kapittel 7. Det betyr at det er krav til utgreiing, medrekna høyring, og nokre formkrav til forskrifta. Fylkesdirektør opplæring vil starte dette arbeidet slik at fylkestinget får forskrifta til handsaming i juni-møtet.

Tilbodet er også lagt inn som punkt 4 i politisk sak *Justering av tilbodsstrukturen, skuleåret 2017/18*.

Fylkesutvalet har 08.12.2016 gjort vedtak om at dette opplæringsløpet er godkjent for kunngjering og med oppstart skuleåret 2017-2018.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit
leiar seksjon skule

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.